

# Kvalitetsplan mot mobbing



Rosseland skule

April 2021

## Introduksjon av verksemda

Rosseland skule er ein 1 – 7 skule, som ligg sentralt i Bryne i Time kommune. Det er 9 skular i kommunen. Skulen ligg i eit etablert bustad-område, men det er òg aukande utbygging i området, og dermed stadig vekst i elevtalet. Det er kort skuleveg for alle elevane, og dei aller fleste går eller sykklar til skulen. Skuleåret 2020-21 har me 573 elevar.

Hausten 2010 flytta me inn i heilt nytt skulebygg, som er godt utstyrt, med m.a. digitale tavler i alle klasserom. Skulen er ein baseskule med 3 klasserom, fleire grupperom, og arbeidsrom og møterom for lærarane i basen. Trinna skifter base kvart år.

Frå og med skuleåret 2016/17 var det ikkje plass til alle elevane våre på skulen. 6. og 7.trinn får difor undervisninga si i lokala til tidlegare Time vidaregåande skule (D-bygget), som ligg om lag 100 meter frå skulen. Dette gir oss ein ny utfordring, i forhold til å inkludera desse i Olweusarbeidet, og sørgja for at det er gode rutinar for å skapa eit godt elevmiljø der òg.

Skulen har 48 stillingsheimlar, medan SFO har 6.

Skulen har nedfelt ein visjon, eit elev- og læringssyn og ei pedagogisk plattform (sjå utviklingsplanen.) Dei tre utviklingsområda våre er «Lesing som grunnleggjande ferdigheit» og «Tilpassa opplæring for endra organisering av spesialundervisning», og «Digitalt leiarskap».

Hausten 2012 blei skulen med i det såkalla «Trivselsleder-programmet» som har fokus på fysisk aktivitet med organiserte aktivitetar i skulegården i storfriminuttet. Elevar blir nominerte av medelevar som trivselsleiar, og får opplæring i å leia aktivitetane. Dette er eit viktig tiltak for skulen. Har elevane positive aktivitetar å driva på med i friminutta, trur me det vil bli mindre mobbing. Me har fått mange positive innspel på dette tiltaket både frå elevar, foreldre og tilsette. Det er FAU som finansierer den årlege avgifta på kr. 16.000 for å delta i programmet. Det set skulen stor pris på, og det viser og at foreldra er engasjerte i å skapa eit best mogleg skulemiljø.

Skulen er organisert i trinn – der kvart trinn har ansvar for å forvalta ressursane på best mogleg måte. Det skal takast omsyn til elevgruppa, den einskilde elev, personalressursane og dei fysiske rammevilkåra – jf den didaktiske relasjonsmodellen – ved planlegging og gjennomføring av det faglege og sosiale læringsarbeidet.

I tillegg er skulen organisert i team; 1. og 2.trinn er eit team - 3.-5.trinn er eit team, 6. – 7. trinn er eit team, SFO er eit team, og miljøterapeutane er eit team.

Nærare beskriving ligg i personalhandboka. Ein oppdatert versjon av personalboka blir lagt ut på One note ved starten på nytt skuleår.

Rektor er leiar av skulen, og utgjer saman med ass. rektor og 2 undervisningsinspektørar eit leiarteam. Me spelar på lag, og har som mål å gjera kvarandre gode. Saksbehandlaren på kontoret har arbeidstid kvar dag mellom 07.00 – 15.00. Det er utarbeidd oversikt over ansvarsområda.

Ass. rektor er koordinator for spesialpedagogikk/tilpassa opplæring. Skulen har frå hausten 2021 tilsett ein operativ sosialpedagogisk ressursperson i 100% stilling.

Frå hausten 2021 er Emma Kristine Skjæveland tilsett som SFO-leiar i 100% stilling.

Skulen har PIS-grupper, som er eit samarbeid mellom operativ sosialpedagogisk ressursperson og helsesjukepleiar. Dette er eit samtaletilbod til barn med skilte foreldre

Ein av inspektørane, Lise Bø Emberland, er Olweus – koordinator.

Koordinator for spes. ped., sosiallærer, representant frå PPT og leiinga utgjer ei gruppe som har møte kvar veke, for å halda seg orientert om elevar som har særskilde behov – og koordinera kven som følgjer opp desse elevane. Det betyr at alle er godt orientert om kva som rører seg rundt på skulen, og korleis læringsmiljøet er.

Det er utarbeidd årshjul for ulike område. Det er oppretta skulemiljøutval, jf Opplæringslovas § 11-1a. Det skal bidra til å skape ryddige forhold mellom skule og heim. Det er eit mål at skulemiljøutvalet skal utøve innverknad gjennom å vere ein utviklingspartner i skulemiljøarbeidet og kvalitetssikre rutinar og prosedyrar. I skulemiljøutvalet er elevane, foreldra, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen representerte. Skulemiljøutvalet er sett saman slik at representantane for elevane og foreldra, til saman er i fleirtal.

Elevane er den primære gruppa i skulen si verksemd, og læringsutbyttet deira er avhengig av eit godt læringsmiljø. Elevrådet vel minst to representantar til skulemiljøutvalet. Elevane blir tatt med i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet ved skulen jf § 9a-5 om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet. Som elevrådsrepresentantar eller elevrepresentantar i skulemiljøutvalet skal det vera mogleg for elevane å påverka og bidra i dette arbeidet.

## **Innleiing**

Mobbing er eit problem som finst overalt i samfunnslivet, også i skulen. Rosseland skule har nulltoleranse for mobbing.

Me har som ei følgje av dette, arbeidd med eit anti-mobbeprogram som er utvikla av Dan Olweus, professor ved universitetet i Bergen.

Programmet har gitt personalet ved skulen ei felles plattform i kampen mot mobbing. Det har og gitt oss meir kompetanse og innsikt i å handtera mobbeprogramet.

Tendensar til mobbing kan oppstå kor tid som helst, og skulen sin kvalitetsplan skal brukast til å førebyggja og aktivt motarbeida slike problem.

Arbeidet mot mobbing er ein kontinuerleg prosess, og den kompetansen me har fått gjennom Olweusprogrammet, må brukast i dette arbeidet. Nytilsette ved skulen blir kontinuerleg kursa i Olweusprogrammet.

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (Opplæringslova §9 A-3)

## **Kva er mobbing?**

Det er viktig at heile skulesystemet (elevar, føresette, tilsette) kjenner til kva som ligg i det å bli mobba og det er skulen si plikt å informera alle om kva som ligg i omgrepet. Me må ha same forståing av kva mobbing er.

### Definisjon på mobbing:

Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar, og han/ho som vert mobba, har vanskar med å forsvare seg (D. Olweus).

Mobbing er kjenneteikna ved:

- aggressiv eller vondsinna åtferd
- gjentakning over ei viss tid
- at det ofte er prega av fysisk eller psykisk ubalanse i maktforholdet mellom den som blir mobba og den/dei som mobbar

Mobbinga skjer ofte utan nokon openbar provokasjon frå offeret si side, men kan også skje ved oppfatta provokasjon.

## **Programerklæring**

I Opplæringslova §9a vert det lagt stor vekt på eleven sitt krav på eit trygt og godt psykososialt miljø. Det vert understreka at skulen aktivt og systematisk må arbeide for å fremje dette og sørge for at eleven kan oppleve tryggleik og det å høyra til sosialt.

I 2003 innførte Time kommune Olweus sitt kjerneprogram mot mobbing og antisosial åtferd i alle skulane i kommunen og som skule er me forplikta til å gjennomføra programmet på alle nivå. Dette gir viktige føringar for korleis me skal arbeida mot mobbing på Rosseland skule.

Tilsette, elevar og føresette samarbeider systematisk for at Rosseland skule skal vera ein mobbefri skule .

***Me aksepterer ikkje mobbing og antisosial åtferd på vår skule og arbeider aktivt for å hindre at mobbing skal skje. Ingen skal bli mobba på Rosseland skule!***

## Kvalitetssystemet

Skulane er pålagde å ha internkontroll jf Opplæringslova §9a-4, og me har difor utarbeidd denne kvalitetsplanen. Fundamentet i dette arbeidet er Oppæringslova § 9a, Olweus-programmet og System for Kvalitetssikring av Olweus-programmet. Systemet har hovudfokus på Olweus-programmet og Olweus-standard. Det er utvikla prosedyrar for kritiske situasjonar der mobbing skjer, og der det er mistanke om mobbing.

I tillegg er skulen sitt planlagde og systematiske arbeid dokumentert i sjekklister, referat, skjema og prosedyrar. Alt som skjer blir skriftleg dokumentert. For handtering av avvik er det òg klare rutinar, og det vert dokumentert kva som vert gjort for å rette opp avvik.

Kvart år har me saman med ein Olweusinstruktør i kommunen, ein gjennomgang av kvalitetssikringssystemet for å fastslå om aktivitetar og praksis stemmer med det som er planlagt.

Denne kvalitetsrevisjonen dannar grunnlaget for vår sertifisering som Olweus-skule.

### Oversikt over rapporteringsansvar og beslutningsnivå.

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer	Desember og mai
Referat Olweus klasse møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte, haust	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte, vår	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegrupper	Olweuskoordinator/gruppeleiar	Etter gjennomført møte
Introduksjonskurs for nytilsette (gjennomføring)	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevråd	Etter gjennomført møte
Referat møte i elevråd	Kontaktlærer for elevråd	Etter gjennomført møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart

Avvikshandsaming	Rektor	Kontinuerleg
Sakshandsaming §9a	Rektor	Kontinuerleg

Det er svært viktig å sikre trygg saksbehandling i mobbesaker, og skulen har rutinar og prosedyrar for å kvalitetssikre alle meldingar på dette området. Dei vert behandla etter forvaltningslova. Svar vert gitt i løpet av ein måned etter at henstillinga er motteken og enkeltvedtak fatta i tråd med forvaltningslova. Enkeltvedtak kan påklagast til Statsforvaltaren. Alle sakene vert journalført/arkivert i elevmappene.

## Olweus-standard

Skulen har utarbeidd ein Olweus – standard og spesifisert aktivitetane i eigen plan

<b>Olweusstandard</b>	<b>Tid</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Dokumentasjon</b>
To gonger i året skal det arrangerast eigne personalmøte for alle tilsette ved skulen kor hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert.	Haust Vår	Rektor	Referat
Det blir gjennomført minimum fem møte utover skuleåret i form av pedagogiske samtalegrupper for personalet inndelt i grupper.	2 haust 3 vår	Olweus-koordinator	Referat
Det blir halde minst ein dags innføringskurs som omhandlar Olweusprogrammet for nytilsette.	Haust	Rektor Instruktør	Referat
Det blir gjennomført digital Olweus-undersøking med om mobbing blant elevane på 4.-7.trinn ein gong i året.	april	Olweus-koordinator	Statistikk frå Olweus-gruppa
Vaktplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året.	Kontinuerleg	Alle	Ny plan
Lærarane og resten av personalet gjer aktivt bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsekvent som mulig..	Heile tida	Alle	
Kontaktlærarane held minimum to Olweusmøte i elevgruppa pr. måned om mobbing og liknande tema.	2g/mnd	Kontaktlærer	Referat

Mobbing tas opp som tema på minst to møte i elevrådet pr. år.	Haust Vår	Kontaktlærer for elevråd	Referat
Mobbing skal også vere eit fast tema i dei faste elevsamtalane.	Haust Vår	Kontaktlærer	Referat etter samtalen
Dei føresette skal haldast godt orienterte om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst på eitt gruppe- eller trinnforeldremøte pr. år og i dei faste konferansetimane.	Haust Vår	Kontaktlærer / rektor	
Skulen skal kjenna og kunna bruka dei prosedyrane som er skildra i Olweus-programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesakar.	Kontinuerl eg Sikre info til nytilsette	Kontaktlærer Rektor/ administrasjon	Ved avvik skal avviksskjema leverast rektor
Skulen skal utarbeida ein kvalitetsplan som viser korleis skulen vil arbeida for å sikra kvaliteten for tiltaka etter denne standarden.		Rektor	Eigen plan

## Prosedyrar

Skulen har egne prosedyrar for korleis vi handsamar saker der det er mistanke om mobbing og saker der mobbing har funne stad.

### Prosedyre ved varsling dersom ein har mistanke om mobbing :

Ei varsling kan kome både frå elevar, føresette, lærarar og andre.

Prosedyre	Ansvar	Utført, dato
Aktivitetsplan skal fyllast ut og leverast til rektor. Rektor skal signera.(Eige skjema)  Info til kontaktlærar.	Den som tek imot henstillinga	
Informasjon til faglærarar som er involverte i gruppa. Høyre med dei om dei har registrert noko spesielt med dei aktuelle elevane	Kontaktlærar	
Fokusert observasjon av dei aktuelle plagarane og den utsette eleven både i skulegarden, klasserommet og elles i elevgruppa.	Faglærarar/kontaktlærar/andre involverte vaksne	
Observasjonane skal dokumenterast i loggbok eller skriftleg referat.	Kontaktlærar/faglærarar/ andre involverte vaksne	
Forslag til tiltak for å skaffe informasjon:(kap.9 s.2-4)  Ta opp temaet trivsel på Olweusmøtet -og be elevane skrive ned korleis dei ser på trivsel i gruppa. (Fordi lærar er interessert i kameratforholda i klassen)  Bruk gjerne konkrete spørsmål. <ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis trivest du i denne gruppa?</li></ul>	Kontaktlærar	



<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trur du alle har det bra i gruppa?</li> <li>• Kor mange gode venner har du i gruppa?</li> <li>• Trur du alle har nokon å vera med?</li> <li>• Er det nokon som blir mobba?</li> </ul> <p>Svara skal vera hemmelege for alle andre enn kontaktlærer, men ikkje anonyme. Skriv på ark og lever til kontaktlærer.</p> <p>Korte personlege intervju med alle i gruppa.</p> <p>Eventuelt berre med 5-6 elevar. (sjå framgangsmåte kap.9 s.3)</p> <p>Eventuelt loggbok</p>		
Kontakt dei føresette for å få meir informasjon.	Kontaktlærer	
Oppsummerande møte med kontaktlærer/ faglærarar/ rektor	Kontaktlærer	
Iverksetjing av tiltak	Kontaktlærer	
Evaluering av tiltak (eige skjema)		
Oppfølgingssamtale med elev (eige skjema)		

## Prosedyre ved mobbing :

Prosedyre	Ansvar	Utført, dato
<p>Det skal gjennomførast ein individuell samtale med den som vert mobba.</p> <p>Samtalen bør gjerast så diskret som mogleg.</p> <p>Samtalen må være strukturert.</p> <p>Foreldra vert orienterte om dette i etterkant.</p> <p>(Olweus-programmet kap. 9)</p> <p>Ver nøye med å gje den utsette eleven støtte og presiser at det skal takast på alvor og gjerast noko med.</p>	<p>Kontaktlærer</p>	
<p>Konfronterande samtale med mobbaren.</p> <p>Dersom det er fleire mobbarar, skal alle snakkast med kvar for seg og helst innan kortast mogleg tid, slik at dei ikkje har høve til å snakke saman.</p> <p>Kontaktlærer og sosiallærer /Olweuskoordinator gjennomfører samtalen.</p> <p>Går eleven i ei anna gruppe er det naturleg at kontaktlærer i denne gruppa gjennomfører samtalen.</p> <p>Bodskapen er klar:</p> <p><i>Vi aksepterer ikkje mobbing ved Rosseland skule og vi vil sørge for at det blir slutt på det.</i></p>	<p>Eigen prosedyre</p> <p>Kontaktlærer/sosiallærer/ (Olweuskoordinator)</p>	

<p>(For detaljert fremgangsmåte sjå Olweusprogrammet kap. 9)</p> <p>NB! Avtalar og oppfølgingmøte, alt etter saka sitt omfang (eks etter ei veke, etter 14 dagar, etter ein mnd)</p>		
<p>Informasjon /møte med mobbaren sine føresette</p>	<p>Kontaktlærer</p> <p>Rektor er med på møte</p>	
<p>Oppfølgingsmøte med eleven som blir mobba og føresette .</p> <p>Informasjon om kva som er blitt gjort og kva som skjer framover (kva tiltak som vert sett i gang).</p> <p>Nye avtalar om samtale</p>	<p>Kontaktlærer</p>	
<p>Dersom mobbinga ikkje tek slutt, vil ei meir omfattande oppfølging involvere skulen si leiing, PPT og Olweus-instruktør .</p>	<p>Rektor</p>	

## Oppsummering

Målet med kvalitetsplanen er å redusera mobbing ved Rosseland skule.

Me skal arbeida førebyggjande og samstundes prøva å oppdage mobbing på eit tidleg tidspunkt. Skulen har strategiar for å stansa mobbing og antisosial åtferd.

Planen er konkret og lettfatta slik at han blir eit verktøy for lærarane til å handtera mobbing i skulekvardagen.

Elevane ved Rosseland skule er den primære gruppa i skulen si verksemd og deira læringsutbytte er avhengig av eit godt læringsmiljø.

Difor er det viktig at antimobbe-arbeidet vert halde høgt i personalet og det hjelper Kvalitetssikringssystemet for Olweusprogrammet oss i å gjera.

Ingen på Rosseland skule skal finna seg i å bli mobba.

